



**Tokke kommune**  
**Sentraladministrasjonen**

Finansdepartementet  
Postboks 8008, Dep  
0030 OSLO

**MELDING OM VEDTAK**

Dykkar ref: Vår ref Sakshandsamar: Arkivkode: Dato:  
2011/461-2 Olav Bjørn Bakken, 35075669 232 04.07.2011  
olav.b.bakken@tokke.kommune.no

**Maksimum og minimumsreglane for eigedomsskatt frå kraftverk - høyring**

Her fylgjer særutskrift av Tokke kommunestyre si sak nr 11/033.

**Vedtak i Kommunestyret - 14.06.2011:**

**Maksimumsverdien for eigedomsskatt på kraftverk må fjernast!**

1. Tokke er ein av mange distriktskommunar som gjennom aktivt næringsarbeid har som mål å snu dei store sentraliseringsstraumane i vår tid. Vår kommune hadde eit folketal kring 3500 innbyggjarar på midten av 60-talet, medan det no nærmar seg 2300 – ein nedgang på over 30% på desse 50 åra. Kommunen sine kraftinntekter er eit viktig grunnlag for det arbeid som vert gjort for å motverke dette, men realverdien av viktige inntekter frå kraftproduksjon minkar år for år. Årsaka til dette er at reglane for kraftskatt ikkje inneheld justeringar for konsumprisveksten – med unntak av konsesjonsavgiftene som vert justert kvart 5. år.
2. Tokke kommunestyre er glad for at Regjeringa har opna for å vurdere reglane for fastsetjing av eigedomsskatt frå kraftproduksjon. Ved at dei fleste kraftproduksjonsanlegg har nådd eigedomsskattetaket på kr 2,35 pr kWh, kan ein ikkje lenger sei at skattegrunnlaget speglar marknadsverdien, men i praksis er ei produksjonsavgift.
3. I høyringsnotatet frå FIN er det lagt stor vekt på å syne dei økonomiske verknadane for ulike kraftkommunar av ei ev fjerning av maksimumsregelen, men ikkje å vurdere det prinsipielle i forslaget frå kommunane - nemleg at eigedomsskatten bør spegle marknadsverdien slik intensjonane i lova er. Slik sett kan ein oppfatte høyringsnotatet som å vera på sida av kjerna i saka. At eigedomsskattereglane vert utforma slik at dei medfører auka skattebelastning for kraftproduksjonsanlegg i periodar med høg skatteevne er i tråd med Stortinget sin intensjon med kraftskattereforma slik Tokke ser det.

4. Forslaget i høyringsnotatet om inflasjonsjustering av maks og minimumsverdiane er ikkje konkretisert. Om FIN held fast på ei ordning med prisjustering i staden for å fylgje kommunane sitt prinsipale forslag om å oppheve verdikorridoren, så er det einaste rimelege at justeringa tek utgangspunkt i 2004 når maksimumstaket vart innført.
5. Stabile inntekter for kommunane er framleis eit viktig omsyn. Store variasjonar i inntektene frå kraftprodusjonen i kommunen år om anna er ikkje ynskjeleg. Gjeldande metode for fastsetjing av diskonteringsrenta kan i så måte forbeholdt, og Tokke sluttar seg til dei vurderingar som gjeng fram av prof. Bjarne Jensen sitt notat (note 6 til FIN sitt høyringsnotat).  
Kommunestyret vil særleg framheve prof. Jensen sin kommentar til Thema Consulting Group sitt forslag til ny diskonteringsrente:  
*TCGs analyse er derfor ikke en ren faglig analyse. Skjønnnet er brukt slik at modellen gir en høyere diskonteringsrente enn den dagens modell gir. Skjønnnet synes å være preget av at oppdragsgiver for analysen; EnergiNorge, har økonomisk interesse og fordeler av en høyere diskonteringsrente* (note 6, side 5, siste avsnitt).
6. Same problemstilling med minkande realverdi gjeld òg for naturressursskatten. Denne har stade uendra på 1,1 øre/kWh sidan innføringa i 1997, og Tokke kommune finn dette urimeleg. Kommunestyret ber om at det vert laga ei ordning med prisjustering av naturressursskatten. Ved at realverdien av kraftinntektene ikkje fylgjer prisutviklinga vert det ei utfordring å få oppslutnad i kommunane om utbygging av ytterlegare vassdragsnatur for å få fram ny, miljøvenleg kraftproduksjon.

Med helsing



Olav Bjørn Bakken  
Rådgjevar

Kopi til:

LVK Postboks 1148, Sentrum 0104 OSLO